

Bakgrunn

Bakgrunnen for skipinga av Finansmarknadsfondet var at Stortinget vedtok at delar av overskotet frå salet av Oslo Børs ASA og Verdipapirsentralen ASA skulle avsetjast til eit finansmarknadsfond. Avkastinga skal finansiere forskning og allmennopplysning innanfor finansmarknadsområdet. Enkeltpersonar, institusjonar og organisasjonar kan søkje om midlar på grunnlag av kriteria som er fastsette i vedtektene.

Eit styre med åtte medlemmer vedtek utdeling av midlar. Finansdepartementet har fastsett regelverk for Finansmarknadsfondet. Sekretariatsfunksjonen er det Forskingsrådet som tek seg av. Finansmarknadsfondets løyingsvedtak er halde unna klagereglane i forvaltingslova.

I samband med behandlinga av Prop. 1 S (2012-2013) vedtok Stortinget å etablere ein ny modell for løyvingar til Finansmarknadsfondet. Fondet stansa frå 01.01.13, fondskapitalen blir tilført statskassa og blir erstatta av ordinære utgiftsløyvingar over statsbudsjettet frå og med budsjettåret 2013.

Styret legg i utgangspunktet til grunn ein tilnærma 50/50-fordeling av midlar til allmennopplysning og midlar til forskning.

For meir informasjon og omtale av fondet blir det vist til: Prop. 1 S (2012-2013) *Omtale av Finansmarkedsfondet - ny finansieringsmodell* på denne sida.

Publisert 25. mars 2019 | Oppdatert 11. okt. 2023

[Last ned](#)  | [Del](#) 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 11. mai 2026, kl. 16.33 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.